

**Notat**Dato: 23.04.2019  
Arkivsak: 2018/7931-3  
Saksbehandlar: marseim

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Konstituert fylkesrådmann

---

**Status for ny personvernlovgjeving i Hordaland fylkeskommune**

Fylkesrådmannen synar til protokoll frå møtet i Kontrollutvalet 05.02.18 (PS 5/2018), der utvalet ber om ein status på tilpassinga til ny personvernlovgjeving. Fylkesrådmannen ga ein status for arbeidet i møtet 05.02.2018, og den 24. september 2018 saman med personvernombodet.

Kontrollutvalet ba fylkesrådmannen om ein oppdatert status for arbeidet til møtet i september 2018. Kontrollutvalet ber om at det gis ei ny status for arbeidet til møtet 6. mai 2019.

I det følgjande gis først ei oppdatert status på spørsmåla frå Kontrollutvalet av 05.02.2018 og til slutt eit eige punkt med avsluttande kommentarar.

**1. Er det nokon som jobbar med ny personvernlov?**

Hordaland fylkeskommune og Skyss har eit betydeleg arbeid framfor seg for å sikre at interne system, rutinar, prosedyrar og rolleavklaringar er i samsvar med det nye regelverket. Det er utarbeidd ein overordna tiltaksplan, som Økonomi- og organisasjonsavdelinga på vegne av fylkesrådmannen følgjer opp gjennom eit eget prosjekt.

Alle avdelingane har peikt ut lokale personvernkoordinatorar, som representerer fagavdelingane inn i arbeidet med å gjere tilpassingar til nytt regelverk og koordinerer aktuelle aktivitetar i sine respektive einingar. Det er utarbeidd ein instruks for rolla som personvernkoordinator. Sjølve ansvaret for at kvar eining gjer naudsynte tilpassingar til nytt regelverk ligg hos kvar einingsleiar, og det er naudsynt at desse samarbeider med sin personvernkoordinator. Personvernkoordinatorane vil vere knytt til eit samarbeid med personvernombodet for å få tilført kompetanse og utveksle erfaringar med kvarandre. Frå status blei gitt i september 2018, ser ein det som ynskjeleg at også alle tannhelsekontor, i

likskap med dei vidaregåande skulane og fagavdelingane, også får på plass ein personvernkoordinator.

Den 24. april 2019 blir det gjennomført ein omfattande opplæringsdag for alle personvernkoordinatorane med rektorane i dei vidaregåande skulane. Det vil vere sentrale tema innanfor personvernlovgjevinga som er gjenstand for opplæring og kompetanseheving. Formålet er at leiinga ved skulane skal få tilstrekkeleg kompetanse til å handtere personvernspørsmål ved eigen skule, og slik at det vil bli mogleg å utføre internkontroll ved skulane. Relevant personell frå skulane i Sogn og fjordane er invitert til å delta denne dagen. Det vil i august / september 2019 vere ein tilsvarande opplæringsdag for personvernkoordinatorar og leiarar i administrasjonen både i Hordaland fylkeskommune og Sogn og fjordane fylkeskommune. Det er naturleg at leiarane er innplassert før dette kompetansetiltaket blir gjennomført for denne gruppa. Hordaland fylkeskommune brukar to advokatar frå ekstern firma til å gjennomføre desse to opplæringsdagane.

It seksjonen med sikkerheitsrådgjevar har også arbeidsoppgåver knytt til personvernlovgjevinga.

Skyss har ein eigen tiltaksplan som vert følgt opp lokalt.

## **2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?**

Etter personvernforordning Artikkel 30 skal den behandlingsansvarlege føre protokoll over behandlingsaktivitetar som utførast i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har fleire enn 100 behandlingar som kvar for seg inneheld behandling av personopplysningar og særlege kategoriar av personopplysningar (etter tidlegare lovgjeving omtalt som sensitive personopplysningar). Tilsvarande har fylkeskommunen svært mange system som behandlar personopplysningar.

Desse behandlingane med oversyn over kva opplysningar som behandlast, heimel for å behandle opplysningane, omfang av opplysningane, om dei delast med nokon og eventuelt kor til, opplysningar om når dei eventuelt skal slettast, om det er naudsynt å gjere ei risikovurdering og ei konsekvensvurdering (DPIA / Data Protection Impact Assessment/) som skal sikre at personvernet til dei som er registrert i løysinga blir ivareteke og liknande, skal ein etter Artikkel 30 ha kontroll på. Dette er eit sentralt styringsdokument for behandlingsansvarleg og som må gjerast til ein del av fylkeskommunens / avdelinganes internkontrollsystem.

Når det gjeld å få på plass behandlingsprotokoll, har personvernombodet vurdert at dette først må prioriterast for skulane. Dette er grunngeven i at skulane samlar inn store mengder av personopplysningar for elevar, ein gruppe som består av også mindreårige og sårbare personar. Dette er og i tråd med Datatilsynets vurdering om at det må til eit felles løft for personvern og informasjonssikkerheit i skulane. Datatilsynet har syna viktigheten av ein åtferdsnorm i skulane (grunn- og vidaregåande skular).

Personvernombodet har saman med personvernkoordinator ved avdeling for opplæring og i kvar skule brukt heile hausten 2018 på å kartlegge dei ulike behandlingane som skulane gjer i personvensamanheng. Skulane hadde frist til 31. januar 2019 med å rapportere sin kartlegging. Personvernombodet saman med personvernkoordinator i avdeling for opplæring jobbar no med å utarbeide ein felles behandlingsprotokoll for skulane. Då skulane utøver sin mynde med heimel i dei same rettslege behandlingsgrunnlaga ser ein det som hensiktsmessig å utarbeide ein felles protokoll. Skulane har likevel sjølv ansvaret for å følgje desse opp lokalt og gjere dei til ein del av sin verksemd framover. Å jobbe med behandlingsprotokollar vil vere ein del av tematikken i forbindelse med opplæringa 24. april og august / september 2019. Det er ein målsetting at behandlingsprotokollar, særskilt for elevar, pasientar og tilsette skal være på plass før sommaren 2019, men slik at ansvarlege avdelingar / skular har ansvar for vidare arbeid med protokollarbeidet.

Dei ulike avdelingane har etter møte med personvernombodet og sikkerheitsansvarleg sommar / haust 2018 blitt gitt ein innføring i korleis ein skal svare på spørsmåla i protokollen og dei er gitt eit ansvar for å rapportere tilbake i forhold til dei prosessane dei finn i eiga avdeling for dette.

Status for protokollane er at det arbeidast med å kartlegge personopplysningane i verksemda. Det er ein målsetting at protokollane for skulane skal være på plass i løpet av våren, men slik at denne ikkje er eit endeleg dokument, men eit dokument som skal implementerast i kvar skula og fylgjast opp der vidare. Protokollane for avdelingane i administrasjonen vil det arbeidast vidare med, men slik at dette bør være på plass i løpet av sommar / haust 2019. Ein må og vurdere i samband med ny verksemd, Vestland fylkeskommune, korleis dette i fellesskap skal dokumenterast.

Det presiserast at protokollføringa er eit krevjande arbeid som vil ta tid og det vil og ta tid å sikre at dei einsskilde avdelingane tek ansvar for å vedlikehalde desse protokollane framover i tid og gjere dette til ein del av internkontrollen.

Det er og naudsynt å etablere rutinar som sikrar at dei vurderingane som protokollane legg opp til at behandlingsansvarleg skal ha kontroll på, blir evaluert ved innkjøp av nye system eller når nye rutinar skal endrast i avdelingar og verksemda elles.

### **3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?**

HFK har pt ikkje ei samla oversikt over kva leverandørar som behandlar personopplysningar og har heller ikkje ei samla oversikt som gjer informasjon om naudsynt databehandlaravtale er inngått med den einsskilde leverandør. Dette har ikkje endra seg sidan førre statusmelding til Kontrollutvalet.

Fylkeskommunen har sin eigen databehandlaravtalemal utarbeidd etter nye personvernreglar, som er fylkeskommunen sin formelle avtale i kontakt med leverandørane. Denne er tilgjengeleg i Kvalitetsportalen i norsk og engelsk versjon. Denne er også delt med same føremål til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det er hausten 2018 gjort eit konkret arbeid med å få ein oversikt over leverandørsida og ein del nye databehandlaravtalar er inngått med leverandørane. Dette er eit så stort og krevjande arbeid, at personvernombodet ikkje kan ta ansvar for å gå gjennom heile porteføljen av leverandøravtalar som er inngått av fylkeskommunen tilbake i tid. Ut i frå ein heilskapleg vurdering ser ein det som hensiktsmessig å konsentrere seg om dei store leverandørane knytt til skulane. Arbeidet med behandlingsprotokollane vil vere eit godt verktøy for å kartlegge desse systema for om nødvendig databehandlaravtale er etablert. For leverandørar i verksemda elles, er det mest effektivt å sikre at Avdeling for Innkjøp i sine innkjøpsprosessar sikrar krav i personvernlovgjevinga i sine innkjøp og at dette systematiserast i deira prosessar. Slik vil ein også kunne få til ein god systematikk for slike avtalar og i lys av krava til internkontroll og oppfølging framover i tid av leverandørsida.

#### **4. Er det oppretta personvernombod / rådgjevar?**

Etter ny personvernlovgjeving er Hordaland fylkeskommune pålagt å ha eit personvernombod.

Kjerneoppgåvene for ombodet er å informere, gi råd, kontrollere og vere eit kontaktpunkt for den registrerte.

Personvernombodet vert tilsett frå 2. april 2018. Personvernombodet har og ombodsrolla for fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, men slik at dei sjølv tek ansvar for å byggje opp naudsynnte system, rutinar, prosedyrar og rolleavklaringar internt.

Personvernombodet ligg per i dag i fagleg linje til konstituert fylkesrådmann og fylkesdirektør økonomi og organisasjon har personalansvaret. Ved fylkeskommunen i Sogn og Fjordane rapporterer ombodet direkte til ass. fylkesrådmann.

Personvernombodet deltek i eit nasjonalt nettverk for fylkeskommunale personvernombod. Det er tenleg at omboda jobbar i fellesskap om felles løysingar for felles utfordringar og skapar likeins rutinar det det er fornuftig. Personvernombodet er i tillegg aktiv i forhold til å halde foredrag og innlegg, både internt, men også eksternt. Personvernombodet har blant anna halde innlegg for fylkesrådmannens samling av leiarar, for Forum for kontroll og tilsyn og saman med KiNs og Datatilsynet halde konferanse for tilsette i dei fylkeskommunale opplæringsavdelingane.

#### **5. Er personvernerklæringa oppdatert?**

Fylkeskommunen har utarbeidd personvernerklæringar for dei viktigste gruppene, elever, tilsette og pasienter, på internett og intranett. Det arbeidast med å koble desse saman teknisk med skjema for innsyn, og med ein autentiseringsløysing slik at identifikasjon blir sikker.

#### **6. Er det innebygd personvern i datasystem?**

For dette spørsmålet visast det til rapporteringa av september 2018. Det er ikkje kome noko nytt til dette punktet sidan då utover at IT-seksjonen jobbar kontinuerleg med å sikre

at alle HFK sine IT-løysingar er i samsvar med GDPR krav. Det gjelder både eksisterande løysingar og framtidige IT-løysingar for Vestland fylkeskommune.

### **7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å teste datasystem?**

Hordaland fylkeskommune har høg merksemd på informasjonssikkerheit og fysisk IT-sikkerheit og arbeider kontinuerleg med ulike rutinar og tiltak for å sikre at dette vert følgt opp i den daglege drifta. Det har så langt ikkje vore vurdert å engasjere eksterne hackere for å foreta slike systemtestar.

### **8. Avsluttande kommentarar**

Ved førre statusmelding til Kontrollutvalet ble det nemnd at det var ønskjeleg å få på plass eit verktøy / datasystem for å handtere mellom anna behandlingsprotokollar, personvernerklæringar og innsyn. I samband med at fylkeskommunane skal fusjonerast er det vurdert å sette denne prosessen på vent slik at behovet for dette kan bli vurdert i lys av ein ny verksemd frå 1. januar 2020.

Når det gjeld tannhelseforskning så er det i gang ein prosess for å delegere ansvarsoppgåver frå personvernombodet til NSD (Norsk senter for forskingsdata). Formålet er å overføre ansvaret for desse konkrete arbeidsoppgåvene til NSD då dei i dag har ein særskilt kompetanse på forskingsspørsmål etter personvernlovgjevinga. På sikt vil det vere naturleg at fylkeskommunen tek denne oppgåva tilbake til eiga verksemd, men det er tenleg med ein slik avtale no slik at forskingsprosjekta vert sikra framover.

Hordaland fylkeskommune har framleis ein omfattande jobb å gjere for å innfri lovpålagte plikter etter ny personvernlovgjeving og det er naudsynt at leiarar og ansvarleg tilsette tek sitt ansvar. Vi er inne i ein krevjande fusjonsprosess, kor andre store oppgåver også skal løysast.